

**Fra:** Liv Kari Eskeland (liv.kari.eskeland@stord.kommune.no)

**Sendt:** 30.10.2014 11:37:37

**Til:** Matti Torgersen

**Kopi:** post stord kommune; Magnus Mjør

**Emne:** VS: Kravsspesifikasjon, mulighetsstudien E39

**Vedlegg:**

Matti Torgersen, Hordaland Fylkeskommune

### Gjeld kravsspesifikasjon til mulighetsstudien

Viser til kravsspesifikasjonen til mulighetsstudien knytt opp mot E39 som no ligg ute på anbod. Me er glad for at det vert sett i gong eit så grundig arbeid for å sjå på konsekvensar ein ferjefri forbindelse kan gje for regionen. Me ynskjer med dette å kome med nokre innspel til prosess.

Ettersom omfanget for arbeidet er såvidt omfattande, er det viktig at ein prioriterer arbeidet i rett rekkefølge. Som trinn ein bør påkoplingspunkta for sidearmar (fylkesvegar) prioriterast. Det er kritisk viktig å sjå på påkoplingspunkt for den delen av traseen som går mellom Os og Stord først, for å sikre at ein får inn påkoplingspunkt/kryss på dei mest optimale stader, og med det spela dette inn til svv så tidleg som mogeleg i deira planarbeid. Dette gjeld først og fremst for samband for Austevoll, Våge/ Uggdal, Onarheim og Kvinnherad, samt påkoplingspunkt for trafikk frå Fitjar.

Når det gjeld Kvinnheradsambandet er det avgjerande at ein ser på heile sambandet, dvs både på Stord-sida og Kvinnheradssida.

Viser her til kommunestyrevedtak gjort i Stord 19.12.13:

### Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.12.2013

#### Vedtak

- 1) Kommunestyret vedtek a? avslutta arbeidet med kommunedelplan og at Skjærsholmane inn til vidare vert oppretthalden som ferjeleie pa? Stordsida.
- 2) Kommunestyret ber om at Statens vegvesen utfører tilleggsutgreiingar for framtidige kryssingspunkt for ferjetrafikk mellom kommunane Stord og Kvinnherad basert pa? endeleg val av trase for ferjefri kyststamveg.
- 3) Kommunestyret ønskjer ogsa? a? sja? spørsmå?let i samanheng med planarbeidet for E39 over Stord med særleg vekt pa? trafikksikring og ein meir ska?nsom arealbruk for tilslutningsvegane knytta til dei ulike alternativ som vert fremja.
- 4) Kommunestyret ønskjer vidare ein dialog mot fylkeskommunen m.o.t. ein tidsplan for gjennomføring av prosjektet. Me ber fylkeskommunen vidare undersøka bruken av moderne raskare og miljøvenlege ferjer, og sja? pa? synergieffektar saman med t.d. Rogaland fylkeskommune
- 5) Ein legg til grunn at tilleggsvurderingane ( 1 og 2) vert lagt ut pa? høyring før endeleg handsaming.

Som trinn to kan ein sjå på dei øvrige samfunnskonsekvensane som lista opp i kravsspesifikasjonen.

For kryssingsalternativ over Langenuen legg vi til grunn at Statens vegvesen vil foreta gode analyser av brukryssingsalternativa gjennom planprogram og den statlige planen, der ein får inn innspel frå næringsliv og kommunar i prosessen.

Mvh

Liv Kari Eskeland

Ordfører i Stord kommune